




VINDAFJORD  
KOMMUNE

Lokaliseringsteknologi i heimen

## Informasjon om lokaliseringsteknologi, GPS til pasient og pårørende



Lokaliseringsteknologi er velferdsteknologiske hjelpemidler som kan brukast til å gje informasjon om kor du er om du har behov for bistand. Lokaliseringsteknologi skal hjelpe deg å meistra kvardagen betre, slik at du kan få større grad av meistring, fridom og tryggleik.

Oppdatert 17.11.2023





## **Lokaliseringsteknologi kan vere aktuelt for deg som:**

- har behov for helse- og omsorgstenester og lokaliseringsteknologi kan erstatta, utsetja eller supplera andre helse- og omsorgstenester
- har ein demens diagnose eller anna kognitiv svikt, og det er fare for at du ikkje finn vegen heim att
- har pårørande eller andre som er engstelege for at du ikkje skal finna vegen heim att eller du har pårørande som treng avlasting
- det er forventa at hukommelsen din gradvis vil endra seg og du har behov for å lære deg å bruke lokaliseringsteknologien tidleg
- det er ein føresetnad at du har pårørande eller andre som kan rykka ut om du har behov for assistanse.

## **Korleis fungerer tenesta i praksis:**

- Kva type teknologi som er best for deg vert kartlagt saman med deg
- Tilsette frå helse- og omsorgstenesta leverer ut alarmer og ladar.
- Du får opplæring og informasjon av tilsette i helse- og omsorgstenesta.
- Kva hendingar som utløyser alarm og til kva tid vert avtalt med deg.
- Dersom du løyser ut alarmer er det dine pårørande som besvarer alarmer
- Det vert laga ein samarbeids avtale mellom kommune og deg/dine pårørande
- Tenesta vert evaluert fortløpande.



## **Kva informasjon vert lagra om deg:**

- Me registrert ikkje namnet ditt i løysinga, her brukar med nummeret du har i pasient journalen og eller til dømes GPS 1.
- Namn og telefonnummer til dine pårørande som skal følgje opp tenesta.
- Din kartposisjon vil vise ved utløyst alarm og dersom det er behov for å lokalisere deg.
- Du kan laste inn eit bilde av deg som kan brukast om det vert behov for å leite etter deg.
- Det vert ikkje lagra sensitiv informasjon om deg.

## **Oppfølging frå pårørande:**

Pårørande må laste ned ein app på sin mobiltelefon. Dei vil få ein sms med ein kode når tenesta er klar. Med appen kan dei mellom anna finne deg om du ikkje kjem tilbake, sjå kor du er om du løyser ut alarmen, sjekke batteristatus og dei kan ringe til deg.

Pårørande vil få tilgang til eit e-læringskurs.

## **Pris på tenesta:**

- Det er kommunestyret som avgjer prisen på tenestene i kommunen. Då dette er ei ny teneste er det ikkje satt nokon pris på denne tenesta ennå. Fram til dette er avgjort i kommunestyret vil tenesta vere gratis.



## **Samtykke, informasjon og medverknad:**

Den einskilde bestemmer i utgangspunktet over seg sjølv og over sitt eige liv. Demenssjukdom eller andre sjukdommar kan over tid svekka evna til å planlegga, ta avgjerder og til å gje samtykke. Du kan etter kvart mista det som heiter samtykkekompetanse. Samtykkekompetanse vil seie at du klarar å forstå informasjon, har innsikt i din eigen situasjon, kan ta val og klarar å forstå og vurdere konsekvensane av dine val.

Tenesta lokaliseringsteknologi kan tildelast utan problem så lenge du sjølv kan samtykka til dette. Dersom du manglar samtykkekompetanse må vilkåra i lovverket vere oppfylt for at du skal kunne få vedtak om denne tenesta. Tenesta må:

- vere nødvendig for å hindra eller avgrensa at du skadar deg
- vere i di interesse og du motset deg det ikkje
- stå i rimeleg forhold til aktuell risiko
- vere det minst inngripande tiltaket for deg
- vere sannsynleg at du ville tillate tiltaket

**For personar som bur på institusjon eller har veldig tett oppfølging frå heimetenesta vil det oftast vere mest hensiktsmessig at det er personalet som føl opp tenesta.**